



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Surnadal Alpineiendom AS
v/Harald Bredesen
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Vår dato: **16 JAN 2013**
Vår ref.: 201106680 ki/saas
Arkiv: 313 /112.1
Dykkar dato: 24.02.2012
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Surnadal Alpineiendom AS - Søknad om løyve til regulering av Sjøasætervatnet, samt uttak av vatn til snøproduksjon, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Surnadal Alpineiendom AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Sjøasætervatnet til snøproduksjon, samt å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og kote 490.

Bakgrunn

NVE har motteke ein søknad frå Surnadal Alpineiendom AS, datert 24.02.2012, om løyve etter § 8 i vassressurslova til å etablere eit vassuttak med kapasitet på inntil 67 000 m³ vatn teke ut over 14 døgn i løpet av ein sesong. Det er i tillegg søkt om å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og 490. Etter synfaring mottok vi på førespurnad nytt kartgrunnlag og informasjon vedrørande drikkevassuttak i Holtaelva i e-postar av 08.10.2012 og 28.11.2012.

Surnadal Alpinsenter ønskjer uttak av vatn til produksjon av kunstsno i alpinanlegget i Surnadal. Det skal etablerast eit inntak i Sjøasætervatnet og her er også planlagt ein pumpestasjon med effekt på 90 kW. Vatnet skal pumpast her i frå gjennom ein 2500 m lang nedgraven vassleidning (Ø280) over eit høgdedrag fram til alpinsenteret der det skal nyttast i snøkanonanlegget. For å sikre tilstrekkeleg vatn til snøproduksjonen vil ein regulere Sjøasætervatnet mellom kote 490 og kote 489,4 (maksimalt 2,2 cm i døgnet). Normalvasstand er i dag rekna å vere 490 moh. Det er i dag ein dam der Sjøasætervatnet har utløp til Holtaelva. Denne var tidlegare nytta i samband med sagdrift. Dammen er dei seinare åra halden ved like for å unngå at vasspegelen vert seinka. Det er denne dammen ein ønskjer å nytte slik at ein til ei kvar tid har nok vatn til snøproduksjon. Alminneleg lågvassføring i utløpet av Sjøasætervatnet er oppgitt å vere 16 l/s. Dette er også foreslått som minstevassføring av søkjar.

Det er ikkje behov for å bygge ny veg verken i anleggs- eller driftsfasen. Tilkomst til anlegget vil skje på eksisterande skogsveg og med helikopter.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Behovet for vatn tilsvarende det som er nødvendig for å kunne leggje ein sole med 50 cm snø i heile alpinbakken. Dette er vurdert til å vere 200 m³/t i 150 timar eller 55,6 l/s i 6,25 døgn. Samla utgjør dette 30 000 m³. Det vil i tillegg vere noko behov for vedlikehald gjennom sesongen. Samla legg ein difor til grunn at anlegget vil vere i drift i til saman 14 døgn i løpet av ein sesong med eit samla vassforbruk på 67 000 m³. Sjøasætervatnet har eit nedbørfelt på 3,5 km² med eit totalt årleg tilsig på 8 237 800 m³. Det planlagde vassuttaket vil såleis utgjere i underkant av 1 % av det totale tilsiget.

Vassdraget er i sør avgrensa av fjella Litlstrengen og Haugastrengen. Elva renn nordover frå dette fjellpartiet via Sjøasætervatnet på kote 490 og vidare ut i Surnadalsfjorden. Kring Sjøasætervatnet er det spreidde hytter. Holtaelva renn frå Sjøasætervatnet bratt ned mot Surnadalsfjorden. Vegetasjonen er for det meste prega av myr og lyng, samt furuskog med noko bjørk. Det har tidlegare vore sag i Holtaelva og i samband med den vart det laga ein dam i utløpet frå Sjøasætervatnet. Denne dammen er om lag 100 år gammal. Dei siste åra har den vorte vedlikehalden av grunneigarane for å unngå at vasspegelen vert seinka under den no naturlege vasstanden.

Søknaden inneheld følgjande hovuddata frå vassdraget:

Vassuttak til snøproduksjon, Sæterlia alpinsenter, hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	3,5
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	8,24
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	74
Middelvassføring	l/s	260
Alminneleg lågvassføring	l/s	16
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	21
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	18
VASSUTTAK		
Inntak	moh.	490
Magasinvolym	m ³	65000
Uttak, maks	l/s	55,6
Planlagt minstevassføring	l/s	16
Brukstid	timar	336
MAGASIN		
Normalvasstand	moh	490
HRV	moh	490
LRV	moh	489,4

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale.

NVE har motteke følgjande høyringsuttalar til søknaden:

Surnadal kommune uttalar følgjande i brev av 09.05.2012 :

"... Vurdering

I søknaden er tiltakets virkning vurdert i høve til hydrologi, vassstemperatur/istilhøve/ lokalklima, grunnvatn, ras/flaum/erosjon, raudlisteartar, terrestrisk miljø, akvatisk miljø, landskap/inngrepsfrie naturområde, kulturminne/kulturmiljø, jord- og skogressursar, brukerinteresser, vasskvalitet/vassforsyning/resipientinteresser og samfunnsmessige verknader.

Konsekvensane knytt til senking av vasstanden (hydrologi) er nemnt ovafor og må seiast å vere små. I tilknytning til dei andre vurderte fagfelte er konsekvensane små eller fråverande. DN's Naturbase viser ikkje viktige område for verken pattedyr, fugl, mose, lav eller sopp i det berørte området. I Sjøasetervatnet er det ein bestand av småfallen ørret, men den vil ikkje bli berørt av tiltaket. Det er heller ikkje forventa konsekvensar for det øvrige akvatiske miljøet. Såframt pumpehuset blir utført i eit formspråk som harmonerer med dei øvrige bygga rundt vatnet, vil heller ikkje dette påverke området negativt. Det er vesentleg at grøftetraseen blir dekt med stadegen masse slik at det blir dei plantene som naturleg høyrer heime i terrenget som også kjem att. I samband med bygging av småkraftverk dei seinare åra har det blitt vanleg at torva i rørtraseane blir lagt til sides, for så å kunne leggest tilbake etter at røra er lagt. Dette vil og vere eit rimeleg krav i samband med dette arbeidet. Detaljar som dette vil nok og bli behandla i detaljplanar for anleggsarbeidet. Eit argument for dette er at området sør for Syltnebbå er eit svært mykje bruka friluftsområde for innbyggjarane i Nedre Surnadal.

I høve til samfunnsmessige verknader er det forventa at etablering av snøkanonanlegg vil vere positivt.

Ved vurdering av om det skal kunne innvilgast dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana for etablering av pumpehus og trafostasjon er det vesentleg at desse ikkje går vesentleg utover arealbruken som skal ha fortrinn i dette område, dvs. landbruk. Etableringa kan ikkje kunne seiast å gjere det. Søknaden inneheld ikkje opplysningar om at pumpehuset skal byggast på eiga frådelt tomt eigd av Surnadal alpineiendom AS. For å imøtekomme eit evt. framtidig ønske om å dele frå eiga tomt rundt pumpehuset bør det gis dispensasjon til både bygging av pumpehus og frådeling av ei mindre tomt rundt dette. Pumpehuset vil ligge på gnr. 53, bnr. 5 kor Johan Gulla er grunneigar.

Rådmannen si tilråding

- 1. Surnadal kommune har ikkje vesentlege negative merknader til søknad frå Surnadal alpineiendom AS om løyve til uttak av vatn frå Sjøasetervatnet og tilhøyrande inngrep. Ved legging av rørtrase mellom Sjøasetervatnet og toppen av alpinanlegget skal den stadegne torva leggest tilbake for å redusere synligheita av inngrepet. Pumpehuset må utførast i eit formspråk som harmonerer med dei øvrige bygga rundt vatnet.*
- 2. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova blir det gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana for bygging av pumpehus på gnr. 53, bnr. 5, og evt. frådeling av ei mindre tomt rundt huset.*

Behandling i Hovedutval for teknikk, miljø og næring - 26.04.2012

Votering:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Hovedutval for teknikk, miljø og næring sitt vedtak:

3. *Surnadal kommune har ikkje vesentlege negative merknader til søknad frå Surnadal alpineiendom AS om løyve til uttak av vatn frå Sjøasetervatnet og tilhøyrande inngrep. Ved legging av rørtrase mellom Sjøasetervatnet og toppen av alpinanlegget skal den Stadeagne torva leggst tilbake for å redusere synligheita av inngrepet. Pumpehuset må utførast i eit formspråk som harmonerer med dei øvrige bygga rundt vatnet.*
4. *Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova blir det gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana for bygging av pumpehus på gnr. 53, bnr. 5, og evt. frådeling av ei mindre tomt rundt huset.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttalar følgjande i e-post av 20.04.2012:

"Vurdering***Biologisk mangfald***

Vi kjenner ikkje til andre naturfaglege registreringar enn dei som er omtalt i søknaden. Tiltaket inneber ei regulering av vatnet med inntil 0,6 m. Vatnet er alt oppdemt av ei 100 år gamal demning. Det blir opplyst at Sjøasetervatnet er tilhaldstad for smålom og ender. Smålommen hekkar oftast heilt nede ved vatnet og er sårbare for vassstandsendingar i hekkeperioden. I dette tilfelle vil endringane vere små og skje over ein 14 dagars periode i vintersesongen. Tiltaket vil derfor ikkje ha effekt på desse vassfuglane.

Landskap og friluftsliv

Det er ein del hytter rundt vatnet og området er også nytta som lokalt turområde. Vassleidningen på 2,5 km skal gravast ned på heile strekninga. I anleggsfasen og nokre få år framover vil dette inngrepet vere synleg, men etter kvart vil det gro til at. Så lenge stadeigne massar blir lagt tilbake i traseen vil landskapsverknadene etter kvart bli små. Uttak av vatn er såpass avgrensa at det neppe vil endre isforholda på vatnet om vinteren, med unntak av eit mindre område rundt inntaket.

INON

Holtaelva vil bli fraført noko vatn over ein mindre periode kvar sesong. Dette vil påverke INON og redusere INON sone 2 med ca. 1 km². Dette må takast med i totalvurderinga av tiltaket.

Fisk

Holtaelva og Sjøasetervatnet har ikkje oppgang av anadrom fisk. Tiltaket vil neppe ha innverknad på den lokale auren i vassdraget. Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at tiltaket treng behandlast etter laks- og innlandsfiskelova.

Forureining

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket er av ein slik karakter at det trengs behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Ut frå dei opplysningar som ligg føre vil vassuttaket vere avgrensa både i mengde og tid. Fylkesmannen kan ut frå ei samla vurdering ikkje sjå at tiltaket vil ha så negative konsekvensar for natur- og miljø at vi vil gå imot konsesjonssøknaden.

Møre og Romsdal fylkeskommune uttalar følgjande i e-post av 30.04.2012:

”Automatisk freda kulturminne

Det er ei registrering ved Sjøasetervatnet i kulturminnedatabasen Askeladden. Det dreier seg om ein hellar som er registrert som uavklart kulturminne. Det vil seie at det trengs undersøking i den for å avklare om den har status som automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova § 4. Jamfør også fråsegna knytt til kulturminne frå nyare tid nedanfor; den bakre grensa for bruken av utmarksressursar kan strekke seg attende til førhistorisk tid. Eventuelle spor eldre enn 1537 er å rekne som automatisk freda kulturminne (for samiske kulturminne gjeld ei grense på 100 år).

Området inneheld kulturminne som må avklarast i høve til status samt eit potensiale for funn av ikkje kjente kulturminne. Vi set derfor krav om at det vert gjennomført arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9, før vi kan gi endeleg fråsegn til konsesjonssøknaden. Jf. kulturminnelova § 10 er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved slike undersøkingar. Omfanget av registreringa kan først avklarast nærare når vi har fått oversendt kart og nærare skildring av dei tiltaka som er planlagde. Vi har arkivopplysingar om samisk aktivitet i området, og har sendt kopi av saka til Sametinget for vurdering i høve til samiske kulturminne. Ein må også avvente svar frå dei før konsesjonsvedtak kan fattast.

Kulturminne frå nyare tid

Planområdet ligg i eit utmarksområde som tidligare har vore prega av utstrakt utmarksbruk. Spor etter setring og anna utnytting av utmarksressursene er kulturminne vi har lite att av, og det er heilt sentralt å ta vare på dei kulturminna som kan formidle den spesielle utmarkshistoria. I tilknytning til planområdet har ein mellom anna registreringar i SEFRAK av uteløer/høyløer. Dette er spor etter forsanking og høytøking i utmarka, noko som var ein føresetnad for å halde husdyr på bås vinteren gjennom. Høyløene er ein type kulturminne ein i liten grad har ivareteke, og det er derfor viktig at det som er att av desse får vere i fred. Som nemnt under punkt for automatisk freda kulturminne, er dette eit område som kan ha vore i bruk heilt attende til førhistorisk tid, noko som gir området og dei ståande kulturminna særskilde verdifulle.

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid, ber Fylkeskonservatoren om at inngrepa vert gjort så nennsamt som mogleg, og at ein er påpasselig med å ikkje skade spora etter utmarksbruken i området. Dette gjeld og i forhold til spor ein set att i landskapet, som er å sjå som interessant både ut frå kultur- og naturinnhald.

Når det gjeld pumpehuset har vi nokre merknadar. Det vert sagt i søknaden at dette skal førast opp i lokal byggeskikk. Det er ikkje lagt ved bilete av tenkt utforming. Eit slikt bygg bør vere minst mogleg framttredande i landskapet, og ein bør derfor velje farger og storleik som gjer at det glir mest mogleg inn i terrenget.

Friluftsliv

Vi har ikkje vesentlege merknader til søknaden ut frå friluftsmessige vurderingar.

Konklusjon

Innan konsesjon kan bli gitt må tilhøvet til kulturminnelova avklarast gjennom registreringar. Ein må også avvente avklaring frå Sametinget. Bygningar og andre inngrep må konstruerast med sikte på minst moglege landskapsendringar av omsyn til nyare tids kulturminne og kulturlandskapet.”

Sametinget uttalar følgjande i brev av 18.04.2012:

”... 2. Samiske kulturminner

Sametinget gir uttalelse i denne saken på bakgrunn av informasjon vi har fått fra Møre og Romsdal fylkeskommune. De har fått opplysninger om at det har vært samisk bosetning og reindrift i området på 1800-tallet. Samiske kulturminner har en fredningsgrense på 100 år, jf. kulturminneloven § 4 annet ledd. Dermed faller bosetningsspor fra 1800-tallet innenfor det som defineres som automatisk fredete samiske kulturminner. Surnadal kommune er, sammen med Rindal og Sunndal, blant de kommunene i Møre og Romsdal som er definert innenfor det tradisjonelle samiske området.

På bakgrunn av de opplysninger Møre og Romsdal fylkeskommune har oversendt oss, anser Sametinget det som sannsynlig at det kan finnes hittil uregistrerte samiske kulturminner innenfor det berørte området, det er derfor behov for å foreta en befaring i tiltaksområdet.

Undersøkelsesplikten, jfr. kulturminneloven § 9, anses ikke som oppfylt og utbyggingsområdet er ikke endelig avklart hva gjelder samiske kulturminner.

I henhold til kulturminneloven § 10, jf. § 9 er tiltakshaver ansvarlig for å dekke utgiftene forbundet med kulturminneforvaltningens befaring. Tiltakshaver i denne saken er Surnadal Alpineiendom AS. Før Sametinget kan foreta befaringen må vi av hensyn til eget feltarbeid og egne budsjetter få en skriftlig aksept av vårt budsjettoverslag fra tiltakshaver. Om en slik aksept ikke gis ser vi ikke mulighet til å foreta befaringen. Undersøkelsesplikten er dermed ikke oppfylt og tiltaket kan ikke godkjennes, jf. kulturminneloven §§ 8 og 9. Sametinget er av den generelle oppfatning at undersøkelsesplikten bør oppfylles før konsesjonsvedtak treffes i konsesjonssaker.

Sametinget understreker at det ikke under noen omstendigheter kan iverksettes markinngrep i det omsøkte området før det er befart og vi har avgitt vår endelige uttalelse, jf. kulturminneloven §§ 8 og 9. Dette må tiltakshaver bli gjort oppmerksom på.

3. Oppsummering

Sametinget anser det som sannsynlig at det finnes hittil uregistrerte samiske kulturminner innenfor det berørte området. Undersøkelsesplikten i forhold til kulturminnelovens § 9 anses ikke som oppfylt. Undersøkelsesplikten må oppfylles før tiltaket kan settes i gang. Sametinget er av den generelle oppfatning at undersøkelsesplikten bør oppfylles før konsesjonsvedtak treffes i konsesjonssaker.

Vi gjør oppmerksom på at denne uttalelsen kun gjelder Sametinget, og viser til egen uttalelse fra Møre og Romsdal fylkeskommune.”

Etter synfaring i området kom **Sametinget** med oppfølgjande uttale i brev av 09.08.2012:

”Vi viser til brev fra NVE datert 08.03.2012 vedrørende høring av søknad om konsesjon for uttak av vann fra Sjøsetervatnet for snøproduksjon i Surnadal Alpenser i Surnadal kommune, vårt varsel om befaring i brev av 18.04.2012 og deres aksept av befaringskostnader datert 23.05.2012, mottatt her 05.06.2012.

Sametinget ved Dag Lantz og Rune Floor foretok befaring for kulturminner i de aktuelle områdene som berøres av tiltaket 08.08.2012. Med på befaringen var også Tore Gjøl fra Surnadal kommune. Det ble under befaringen ikke påvist automatisk fredete samiske kulturminner som kommer i konflikt med den omsøkte traseen for vannledning og strømtilførsel.

Det ble gjort funn av kulturminner i områder utenfor traseen, men disse vil ikke bli berørt av tiltaket.

Etter befaringsamt vår vurdering av beliggenhet og ellers kjente forhold kan vi ikke se at det er fare for at tiltaket kommer i konflikt med automatisk fredete samiske kulturminner. Sametinget har derfor ingen spesielle kulturminnefaglige merknader til søknaden om konsesjon for vannuttak fra Sjøasætervatnet.

Skulle det likevel under arbeid i marken komme fram gjenstander eller andre levninger som viser eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendes Sametinget omgående, jf. lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml.) § 8 annet ledd. Vi forutsetter at dette pålegg formidles vidare til dem som skal utføre arbeidet i marken.

Vi minner om at alle samiske kulturminner eldre enn 100 år er automatisk freda i følge kml. 4 annet ledd. Samiske kulturminner kan for eksempel være hustufter, gammetufter, teltplasser (synlig som et steinsatt ildsted), ulike typer anlegg brukt ved jakt, fangst, fiske, reindrift eller husdyrhold, graver, offerplasser eller steder det knytter seg sagn til. Mange av disse er fortsatt ikke funnet og registrert av kulturminnevernet. Det er ikke tillatt å skade eller skjemme fredet kulturminne, eller sikringssonen på 5 meter rundt kulturminnet, jf. kml. §§ 3 og 6.

Regning for befaringskostnadene vil bli sendt i egen ekspedisjon fra Sametinget sitt hovedkontor i Karasjok.

Vi gjør forøvrig oppmerksom på at denne uttalelsen bare gjelder Sametinget, og viser til egen uttalelse fra Møre og Romsdal fylkeskommune."

NVEs vurdering

Surnadal Alpineiendom AS søker om å ta ut inntil 67 000 m³ vatn frå Sjøasætervatnet for kunstsneproduksjon i Sæterlia. Det er også søkt om å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og 490. Inntaket skal etablerast i austenden av Sjøasætervatnet.

I NVE si vurdering av vassuttaket vil vi vurdere uttak av vatn frå Sjøasætervatnet med regulering, samt inngrep i terrenget fram til sneproduksjonsanlegget.

Det planlagde tiltaket inneber etablering av eit enkelt inntak i Sjøasætervatnet i form av eit neddykka røyr, eit lite bygg for pumpestasjon, ein trafostasjon og ein 2500 m lang nedgraven røyrleidning. Ein 100 år gammal dam i utløpet frå Sjøasætervatnet skal nyttast og denne treng truleg noko vedlikehald/opprusting. Eit arrangement for slepp av minstevassføring er planlagt i tilknytning til denne dammen. Det er ikkje behov for ny veg i samband med utbygginga. Eksisterande veg og helikopter vil bli nytta i anleggsperioden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at vassuttaket, som er avgrensa både i mengde og tid ikkje vil ha særleg negative konsekvensar for natur- og miljøverdiar. Dei vil difor ikkje gå i mot at det vert gjeve konsesjon. Fylkeskommunen viser til at tilhøvet til kulturminnelova må avklarast gjennom registreringar. Bygningar og andre inngrep må konstruerast med omsyn til nyare tids kulturminne og kulturlandskap. Kommunen har ikkje vesentlege negative merknadar til prosjektet. Dei set som krav at det vert nytta stadeigen masse/topplag for revegetering av røyrtraseen. Etter synfaring i området vurderer Sametinget at det ikkje er fare for at tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda samiske kulturminne. Dei viser til opplysningsplikt i kulturminnelova § 8 andre ledd dersom ein gjennom arbeid i marka skulle komme over moglege kulturminne.

Sjøasætervatnet ligg fint til i eit relativt ope landskap. Det ligg nokre hytter i tilknytning til vatnet. Kommunen opplyser at det aktuelle området er eit svært viktig friluftsområde i kommunen. Dette gjeld truleg for både folk som er knytt til hyttene i området og også andre som nyttar det lett tilgjengelege området. Som Fylkesmannen peikar på er det lite truleg at reguleringa som er omsøkt vil endre isforholda på Sjøasætervatnet i nemneverdig grad. Vi kan difor ikkje sjå at ev. ferdsel på isen om vinteren skal bli påverka av tiltaket. Ei regulering på maksimalt 60 cm, med inntil 2,2 cm endring pr. døgn i vinterhalvåret, vil etter NVE si vurdering vere ubetydeleg for landskapsverdiar knytt til vatnet. Framføring av ein 2500 m lang røyrleidning vil setje spor i landskapet. Ved eit vassuttak på 55,6 l/s er det snakk om eit røyr med relativt beskjeden diameter (Ø280). Det vil såleis ikkje vere behov for noko brei røyrgate, og arbeidet kan gjerast med små maskiner. Med god tilbakestilling og revegetering av røyrtraseen vurderer NVE at røyrleidningen sin påverknad på landskapet vil bli mindre etter kvart som vegetasjonen kjem attende. Inngrepet vil etter vår meining vere akseptabelt ut i frå friluftslivs- og landskapsinteresser i området.

Holtaelva vil bli fråført vatn i ein periode der det ofte er lite vatn frå før. NVE har fått opplyst at elva vert nytta som drikkevasskjelde for fem husstandar og fire fritidsbustadar. Oppstraums dei aktuelle drikkevassuttaka renn Tverrlibekken inn i Holtaelva og står for ein del av tilsiget til drikkevasskjeldene. Tiltakshavar har sett på nedbørstatistikk i området og vurderer at uttak av vatn til snøproduksjon i fire av fem år ikkje vil ha noko innverknad på mengda vatn som renn i Holtaelva. Det er normalt alltid overløp frå dammen i Sjøasætervatnet. Med svært nedbørfattige og kalde haustar kan denne vassmengda verte redusert. Dette tidspunktet vil kunne falle saman med perioden då det er aktuelt å produsere snø. Tiltakshavar foreslår å setje inn ein røyrventil i dammen ved Sjøasætervatnet for på denne måten å kunne sikre ei minstevassføring som er tilstrekkeleg til å dekke drikkevassbehovet i slike situasjonar. Det føreligg planar i Surnadal kommune om utbygging av kommunalt vatn og avløp for dei ovanfor nemnde husstandane. Med ei slik løysing som tiltakshavar foreslår vurderer NVE at omsynet til drikkevatt vert teke i vare. Vi viser elles til vassressurslova § 47 som gjev tiltakshavar erstatningsansvar dersom eit konsesjonsgjeve vassdragstiltak fører til skade eller ulempe på eigedom eller rettar. Dette inkluderar rett til uttak av drikkevatt.

Sametinget har vore på synfaring i området og har konkludert med at ingen kjende samiske kulturminne vert råka av det planlagde tiltaket, men vi minner likevel om opplysningsplikt jf. kulturminnelova § 8 dersom det skulle dukke opp noko som kan vere kulturminne under anleggsarbeid. Vi viser elles til fylkeskommunen sin uttale der det er vist til at området langt tilbake har vore eit viktig utmarksområde med mellom anna stølsdrift. Uteløer og andre spor som er kulturminne i forhold til dette må takast omsyn til. Fylkeskommunen viser også til at undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9, må oppfyllest før anleggsarbeidet kan starte.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og vert lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. Jf. nml §§ 4-5 skal naturtypar og artar takast vare på innanfor deira naturlege utbreiingsområde. Vidare skal artsmangfald, levedyktige bestandar og økologiske prosessar oppretthaldast på lang sikt. For å kunne oppfylle desse forvaltningsmåla er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. nml § 8. Dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein gjere nytte av føre-var-prinsippet jf. nml § 9. Etter det NVE veit er det ikkje gjort undersøking av biologisk mangfald i det aktuelle området. Uttak av vatn frå Sjøasætervatnet og ev. redusert vassmengde i Holtaelva vil med dette tiltaket utelukkande skje om vinteren. Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram gjennom innkomne høyringsuttalar, synfaring, søk i Artskart og Naturbase (14.12.2012) og eigne erfaringar. Jamfør at kunnskapsgrunnlaget skal stå i samsvar med saka sin karakter og fare for skade på naturmangfaldet meiner NVE difor at kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak.

Naturbase og Artskart viser ikkje registreringar av viktige naturtypar og raudlista artar i tiltaksområdet. Heller ikkje Fylkesmannen kjenner til raudlista artar i området. Fylkesmannen peikar på at det er smålom og ender knytt til Sjøasætervatnet. Smålom hekkar nær vasskanten og er difor sårbare for vasstandsendingar. Sidan det i samband med det omsøkte tiltaket er snakk om regulering i om lag 14 døgn på seinhausten/vinteren er ikkje dette ei aktuell problemstilling. Fylkesmannen opplyser at Holtaelva/Sjøasætervatnet ikkje har oppgang av anadrom fisk. Dei meiner heller ikkje at inngrepet vil påverke den lokale auren i vassdraget. NVE støttar seg på desse vurderingane. Dersom anleggsarbeidet vert gjort skånsamt og røyrleidningen grave ned med stadeigen masse vurderer NVE at tiltaket ikkje vil ha særleg effekt på biologisk mangfald i området.

NVE ser fleire fordelar ved å legge til rette for snøproduksjon i Sæterlia. Ein vil med dette tiltaket kunne sikre snøproduksjon i eit alpinanlegg som er populært både blant lokalbefolkninga, tilreisande og handels- og næringslivet. Driftstilhøva vert meir stabile og føreseielege og gjev auka moglegheit til å marknadsføre Surnadal som ein alpindestinasjon. Tiltaket vil også kunne gje positive ringverknadar til det lokale næringslivet. Hyttene ved Sjøasætervatnet kan kople seg på straumnettlet som følge av etablering av trafo i området.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Surnadal Alpineiendom AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Sjøasætervatnet til snøproduksjon, samt å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og kote 490.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1: *Reguleringsgrenser og slepp av vatn*

- Sjøasætervatnet kan regulerast mellom kote 490 og kote 489,4 i samband med produksjon av snø.
- Det skal sleppast ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring i Holtaelva. Denne er i søknaden oppgjeve å vere 16 l/s. Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.
- Dersom det vert konflikt mellom å sleppe pålagt minstevassføring og å oppretthalde LRV, skal minstevassføring prioriterast.
- Uttak av drikkevatt skal alltid ha prioritet framfor vatn til snøproduksjon. Snøproduksjon må stoppe før det er fare for drikkevattnet.
- Alle stadar der det er pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om dei gjeldande bestemmingane for slepp av vatn, som er lett synleg for allmenta. NVE skal godkjenne merking og skilta si utforming og plassering.

Post 4: *Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.*


- Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Trondheim og godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gong.

Om klage og klagerett


De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er komen fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Klageretten er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkjar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar berørte interesser).

Ei klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatøy
avdelingsdirektør



Gry Berg
seksjonssjef

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Sámediggi – Sametinget, Ávjovárgeaidnu 50, 9730 KARASJOK
Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL